Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Gjøvdal

Emne: Beit og brom. Bygdelag: – –

Oppskr. av: Anne L. Askland. Gard: Askland.

(adresse): Gjøvdal f. 2/3-1905. G.nr. 20 Br.nr. 10.
Heimesd. husmor.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og i samtale med fleire.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Bonde: Aslak Askland f. 8/3-1893.

SVAR

1. Dei gamle tala om, at dei brúka beit og brom.
Til dette brúka dei bjørk, raun og teelbar, toppar etter hogst – og ungtre.
2. Dei brúka ingen sers slede og henta det heim på.
Dei sa dei skulle henta beit, eller brom – eller båe slag.
3. Beit tok dei heim om vinteren, og let geitene gå og gnage på. Dei tok tre og kvist etter som det passa.
Bromet tok dei om våren, og bar heim i sekkar.
4. Til å hogga beit med brúka dei øks.
Bromet braut dei helst med hendene.
5 Sørleg beit var for-for geit og sau.
Bromet gav dei også kyrne.
Dei gav det „einaste" ikkje blanda
6. Beitet hadde dei ~~i~~ ein kost attmed løa; men det er lenge slutt med det.

13385
13385

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Mykje talar for at dei slutta med det – den tid dei tok til å plante frukt-tre. For dei gomle sa, at geiter og frukttre passa dårleg saman.

Bjørnen på Hillestad.

Tolf Hillestad hadde ein tam bjørn reikande på garden. Om vinteren låg han gjerne i eit gamalt bur på eit fang gamall halm.
Men ein vinter hadde Tolf ei geit som var so leid til å erte bamsen. Når dei var ute i leikekosten – tok ho seg gjerne ein tripp på buret og nafsa og rykte i halmen som bjørnen låg på.
Denne måtte bamse finne seg i det. Men då våren kom, hemnde han seg. Det fyrste han gjorde etter vintersvevnen – var å „klapse ned på" ertekroken. Dei hine fekk gå i fred. (Tolf levde siste i 17oo)

7 Skikken at ein langfredag skulle henta leit på fastande hjarte kjenner vi ikkje til.
(Var 'kje det ein austlands skikk?)

1/7 – 1957.

Anne L. Askland.

E. S.

„Bjørnekombe" vart mykje nytta i forknipa om våren. Dei rykkte den med hendene, og bar den heim i sekk.

A. S.